

A person is shown from the back, wearing a traditional Norwegian bunad. The headpiece is a large, circular, red fabric with intricate white embroidery, featuring a central sunburst or star-like pattern. A colorful, multi-layered scarf is wrapped around the neck, with visible colors including purple, blue, red, and green. The person is wearing a dark, possibly black, garment.

HOVUDPLAGG

TIL BUNADER FRÅ VALDRES



Norsk folkedraktforum (Nff) har i tidsrommet 2019–2022 hatt eit prosjekt om hovudplagg til bunader. Målet med prosjektet er å setja fokus på bruk av hovudplagg og hårmote til bunader, slik at dette samsvarar med den opprinnelege bruken. Rundt om i landet er det danna fleire lokale arbeidsgrupper, noko som i Valdres resulterte i ei utstilling ved Valdres Folkemuseum. Dette heftet er laga som ei utfyllande forklaring om bunadene som høyrer til hovudplagga i utstillinga, og bunadene er presenterte etter alder.

BUNADER I VALDRES

- 1 Kjol, rekonstruert folkedrakt 1760
- 2 Steglatrøye med låg midje, rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1780
- 3 Sjørteliv, rekonstruert folkedrakt for Sør-Valdres 1800–1830
- 4 Bruredrakt for Sør-Valdres 1800–1830
- 5 Sjørtetrøye, rekonstruert folkedrakt for Sør-Valdres 1800–1860
- 6 Bringedukdrakt, rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1810–1830
- 7 Kvardagsstakk, rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1810–1830
- 8 Bruredrakt for Øvre Valdres 1810–1830
- 9 Steglatrøye, rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1810–1830
- 10 Attheakta liv, rekonstruert folkedrakt for Vang og Slidre-bygdene 1825–1850
- 11 Blåtrøye, rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1825–1850
- 12 Rutastakk, rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1850–1870
- 13 Stutttrøye, rekonstruert folkedrakt for Valdres 1850–1870
- 14 Rutakjol, rekonstruert folkedrakt for Sør-Valdres 1850–1870
- 15 Spelemannsbunad for Valdres (og Hallingdal) 1900
- 16 Brodert valdresbunad 1914 og 1915
- 17 Brodert valdresbunad 1948
- 18 Ny brodert valdresbunad 1948

NORSK FOLKEDRAKTFORUM

Norsk folkedraktforum (Nff) er ein landsdekkjande medlemsorganisasjon for dei som arbeider med bunader som er i samsvar med den folkelege draktskikken i Norge. Nff har saman med fleire andre organisasjonar arbeidd for at norsk bunadbruk skal få innpass på UNESCOs representative liste over immateriell kulturarv. Som ein del av dette arbeidet, har Nff teke initiativ til ei landsdekkjande

hår- og hovudplagg-utstilling. Det er danna lokale komitear rundt om i landet for å ta seg av arbeidet. I Valdres har denne gruppa vore samansett av Grethe Rudi Bråten, Karen Marie Tvedt, Asta Karin Kampen, Bodil Enger, Berit Vidme og Helge Gudheim. Saman har dei laga dette heftet og hovudplaggutstillinga på Valdres Folkemuseum, med teknisk assistanse frå Valdresmusea.

NORSK INSTITUTT FOR BUNAD OG FOLKEDRAKT

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) har sidan 1947 drive eit nasjonalt dokumentasjonsarbeid på bunad og folkedrakt. Institusjonen har halde til på Valdres Folkemuseum sidan 1980-talet. Formålet er å fremje kunnskap om folkedrakt og bunad som kulturuttrykk, og bruk og tilverking av desse drakttypene. På grunnlag av feltarbeid frå heile landet har instituttet bygd opp eit omfattande arkiv som inneheld draktregistreringar, foto, snittmønster og skisser, og dessutan nedteikningar av tradisjonsmateriale frå ulike distrikt. Bunadbrukarar og -tilverkarar kan få

råd om bunadbruk og påkledning, saumteknikkar og tilpassing. Rådgjeingsarbeidet kan også vere knytt til rekonstruksjon eller revisjon av bunader. Saman med ulike samarbeidspartar tilbyr NBF den praktiske utdanninga innan bunadtilverkefaget og tilbod gjennom Den kulturelle skulesekken. Norsk institutt for bunad og folkedrakt er akkreditert NGO i UNESCO og er ein viktig stemme for styresmaktene i spørsmål om drakt- og bunadshistorie. NBF har eit fagråd, Bunad- og folkedraktrådet (BFR), som er oppnemnt av Kulturdepartementet.

VALDRESMUSEA

Valdresmusea er museumsorganisasjonen i Valdres og driftar mellom anna Valdres Folkemuseum og Norsk institutt for bunad og folkedrakt. I samlinga til Valdres Folkemuseum finn vi ei stor samling av gamle

draktdelar frå regionen, og mange av desse har vore utgangspunkt for rekonstruksjonsarbeidet av den lokale draktskikken i Valdres. Les meir på Valdresmusea.no og Digitaltmuseum.no

FEM KATEGORiar

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) har laga ei liste på fem kategoriar for å syne korleis den enkelte bunad i dag forhold seg til grunnlaget som er å finne i dei gamle folkedraktene i kvart område.

Desse kategoriane går att i omtalen av dei lokale Valdres-bunadene i dette heftet:

KATEGORI 1

Bunader som representerer siste ledd i ei folkedraktutvikling. Folkedrakta, særleg til fest- og høgtidsbruk, fekk etter kvart ny interesse og funksjon som bunad, utan å ha gått ut av bruk.

KATEGORI 2

Bunader som har bakgrunn i ei folkedrakt som var gått av bruk, men som ikkje var gløymd. Trass i at folkedrakta hadde gått ut av bruk, visste mange i store drag korleis ho hadde vore. Til dels laga ein nye plagg etter dette, og til dels brukte ein gamle plagg.

KATEGORI 3

Bunader som er systematisk rekonstruerte på grunnlag av bevarte, gamle folkedraktplagg frå same område, periode og drakttype. Desse bunadene er rekonstruerte frå ei folkedrakt etter at ho var gått ut av bruk. I rekonstruksjonsprosessen har ein nytta kjelder som fortel om draktypen, til dømes skriftlege opplysningar, biletsstoff og munnleg tradisjon.

KATEGORI 4

Bunader som er laga på grunnlag av eit tilfeldig og mangelfullt gammalt draktmateriale. Dei delane ein ikkje fann førebilete til, har ein utforma i stil med resten av drakta.

KATEGORI 5

Bunader som heilt eller delvis er fritt komponerte. Enkelte av desse har trekk frå folkedraktmaterialet, medan andre har henta inspirasjon frå ulike typar gjenstandar eller plagg.

rekonstruert folkedrakt 1760

Dette er ein mannsbunad som er utvikla av nokre bevara draktplagg, men der plagg har mangla, har ein forsøkt å laga klede ut frå kunnskapen om draktskikken.

Det mest handfaste til bunaden er ermevesten (undertrøye) og beltet. Vesten er rokokkoprega og har låg livlinje, og er laga etter ein vest på garden Garli på Leira. Originalen har saumspor etter ermar, og mønster av ermane frå ein tilsvarande ermevest ved Glomsdalsmuseet er lånt. Rygg og framstykke er av same tøy; kaleman. Originalvesten har ikkje krage, og kjolen er heller ikkje laga med krage.

1700-talsbukser er ikkje bevara i Valdres. Difor er mønster av ei bukse frå 1700-talet frå Gudbrandsdalen brukt. Originalen er sydd av brun cordfløyel, noko også den nylaga bukka er. Ho har låg og brei klaff. Brøker av skinn eller vadmål kan også brukast.

I Valdres er fire–fem alderdommelege mannsbelte bevara i ein spesiell vevteknikk. Dei er frå 6 til 18 centimeter breie. Det oppattvovne beltet er 10,5 centimeter breitt, og er vove med brikker. Beltet kan brukast både utanpå ermevesten og utanpå kjolen.

Kjol (av kjortel) er nemnt i fleire lokale 1700-talsskifte, flest i Sør-Valdres, men ikkje

bevara her i dalen. Ryggen på dei kan ha hatt mykje til felles med ryggen på steglattrøyene. Eit anna alderdommeleg trekk er ermbryningar. Difor er mønsteret frå den bevara steglattrøya (bunad nr. 9) brukt som utgangspunkt for den nylaga kjolen, men mønsteret er strekt til kne-sid lengde. Knappinga framme er lånt frå ein samtidig storfikkavest (kjol) frå Gudbrandsdalen. Både ermevest og kjol har trong halsopning, og det var truleg ikkje brukt silketrørkle då bunaden var i bruk som ei folkedrakt.

Hovudplagg: Høge hattar kom som eit motetrekk opp mot 1800. På 1700-talet finst dokumentasjon på landsbasis for runde, vidbredda hattar med flat pull. Kølleluve kan også brukast, og strikka toppluve om vinteren.

Sko: Låge, svarte sko om sumaren, svarte skafftestøvlar om vinteren.

Drakta er utvikla av Helge Gudheim, med mykje drakthistorisk hjelp frå Kristin Gulbrandsen ved Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF).

Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF, eller sett i produksjon (2021). Bunaden var klar til bruk i 2020, og er eit forsøk på å rekonstruere ein draktskikk der fleire av plagg ikkje er bevara; difor kategori 4.



med låg midje, rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1780

Dette er ein bunad som er utvikla av nokre bevara draktplagg frå slutten av 1700-talet, men der plagg har mangla, har ein forsøkt å laga klede ut frå kunnskapen om draktskikken på denne tida.

Det mest handfaste plagget til bunaden er vesten, pluss nokre bevara belte. Vesten er rokokkoprega med låg livlinje og han er ein ganske nøye kopi etter ein vest på garden Garli på Leira. Originalen har saumspor etter ermar, men som stiltrekk forsvann dette mot slutten av 1700-talet, og til denne rekonstruksjonen har ein valt å ikkje sy ermar. Originalvesten har ikkje krage, men berre ein liten tittekant. Halsopninga er lita. Rygg og framstykke er av same tøy; kalemank. Stripete vestar er også bevara.

1700-talsbukser er ikkje bevara i Valdres. Difor er mønster av ei bukse frå 1700-talet frå Gudbrandsdalen brukt. Originalen er sydd av brun cordfløyel, men bukser er her sydd i svart vadsmål. Broka har låg og brei klaff. Bukser av skinn kan også brukast.

I Valdres er fire-fem mannsbelte i ein spesiell vevteknikk bevara. Dei er frå 6 til 18 centimeter breie. Det kan brukast både utanpå vesten eller også på linninga på bukser.

Steglatrøyene har ei lang historie i Valdres. Dei har vore brukte frå langt attende i tid, og heilt fram til 1860–70-åra. Det er berre bevara

ei steglatrøya i Valdres (bunad nr. 9), og ho er truleg frå litt innpå 1800-talet. Denne trøya er forholdsvis kort og har høg krage (empire). For å passe ein sid vest frå andre halvdel av 1700-talet, er mønsteret til den bevara steglatrøya strekt og gjort sidare. Høgda på kragen er også redusert, sidan ein her tenkjer seg ei trøye frå tida før ein fekk høge kragar og høg livlinje (empire). Trøya har også med seg eldre trekk gjennom ermebryningar og den såkalla 7-tals vinkelsaumen øvst på ryggen. Slike trøyer er visuelt dokumenterte gjennom statuane av to menn frå Valdres, som er med i Nordmandsdalen i Danmark. Dei er frå like etter midten av 1700-talet.

Hovudplagg: På 1700-talet finst dokumentasjon på landsbasis for runde, vidbremma hattar med flat pull. Kølleluve kan også brukast, og strikka toppluve om vinteren. Høge hattar kom som eit motetrekk på slutten av 1700-talet.

Sko: Låge, svarte sko om sumaren, svarte skaftestøvlar om vinteren.

Drakta vart ferdig våren 2019, og er utvikla av Helge Gudheim med mykje drakthistorisk hjelp frå Kristin Gulbrandsen ved Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF, og ikkje sett i produksjon (2021). Bunaden er eit forsøk på å rekonstruere ein draktskikk der fleire av plagg ikkje er bevara; difor kategori 4.



rekonstruert folkedrakt for Sør-Valdres 1800–1830

Dette er ei rekonstruert folkedrakt for kvinner frå dei sørre bygdene i Valdres frå fyrste halvdel av 1800-talet. Drakta har vore i bruk over eit langt tidsspenn, og livlinja på dei eldste liva er lægre enn på dei yngste, som dermed er meir prega av empiremoten fyrst på 1800-talet. Det førte til høg livlinje, og med ei sid og vid kappe som går utanpå stakken. Det er desse skjøta på livet som har gjeve det namnet sjarteliv. Liva blir sydde av kalebank, sidan dei fleste bevara liva er i dette materialet, og skifta syner det same.



Stakken er som oftast av svart ullstoff, men kan òg vera blå eller i ruter. Utanpå blir det brukt eit lyst eller brunt, mangefarga og trykt bomullsforkle, som er breitt og like langt som stakken. Skifta syner også at stripete forkle var vanleg. Perlesteinbelte ser ut til å ha vore brukt utanpå trøya i nordre del av draktområdet.

Skiftematerialet viser at stølabelte truleg berre vart brukt av brud. Ytterplagg er kep og ei svart rukkitrøye. Tamburert tørkle over akslene er også ein draktdel som høyrer med, ved sida av silketørkle i halsen.

Hovudplagget til denne folkedrakta var frå gammalt forskjellige typer pulluver – anten broderte eller av finare kjøpetøy, ofte av silke og med store brosjeringar. Det vil seia at pullen (bakstykket) var halvsirkelforma, og at han var sydd til eit rektangulært stykke som endar i to lange spissar ved øyro. Desse luvane vart kalla kjakaluver, og dei gamle luvane hadde alltid knyteband under haka. Skifta syner at knipla blonde vart brukt til desse luvane frå 1780-åra. Sløyfband i nakken på luvane kom i bruk tidleg på 1800-talet.

I samarbeid med Bunad- og folkedraktrådet (BFR) starta Grethe Rudi Bråten å sy drakta i 1992. Seinare har Asta Karin Kampen, i nært samarbeid med Norsk institutt for bunad- og folkedrakt (NBF), gjort ein formell rekonstruksjon av draktskikken, noko som førte til enkelte endringar fordi nye kjelder er kome til. Størparten av dette arbeidet vart lagt fram for fagleg vurdering av NBF i 2016–17. Rekonstruert folkedrakt, som dermed hamnar i kategori 3.




for Sør-Valdres 1800–1830

Drakta byggjer på sjartelivkleda frå Sør-Valdres (bunad nr. 3), og syner brurekleda til dei.

Perlekroner kom i bruk her i landet i løpet av 1700-talet. Brurekrona er ein tilnærma kopi av ei krone frå garden Erstad i Bagn, og er kan hende frå andre halvdel av 1700-talet. Krona vart oppkjøpt av eit svensk museum i 1878, og ho var 110 år i utlendigheit, før ho på 1980-talet vart flytt til Norsk Folkemuseum. Lauv og krossar er laga av sylv, medan perlene er av glas og rav.

Heidi Nythun Mürer og Grethe Rudi Bråten har samarbeidd om rekonstruksjon av krona, og det er Grethe som har laga plagga til bruredrakta. Det er raud stakk, raudt sjarteliv, lyst bommulsforkle og tilhøyrande svart rukke-trøye med høgt liv. Messingbelte høyrer med. Kep kan også brukast. Drakta var klar til bruk i 2010.

Bunaden er ikkje lagt fram for fagleg vurde-ring hjå NBF. Drakta er ei rekonstruert folke-drakt, og dermed i kategori 3.





rekonstruert folkedrakt for Sør-Valdres 1800–1860



Dette er ei rekonstruert folkedrakt for menn frå sørre halvdel av Valdres frå overgangen mellom 1700- og 1800-talet.

Trøya har også eldre trekk gjennom rygg-saum og ermebryningar, men ho er vorten kort framme, og har fått høgare krage, som er trekk av empire i dei fyrste tiåra av 1800-talet. Samstundes er trøya så sid at ho bak når heilt ned til knea.

Dette er eit alderdommeleg trekk som knyter denne trøya til den side mannskjolen frå 1700-talet (bunad nr. 1). Kilane i ryggen på trøya har gjeve ho namnet sjarte- eller sidtrøye. Fleire slike trøyer er bevara. Drakthistorisk høyrer bunaden saman med sjarte-liv-kleda for kvinner (bunad nr. 3 og 4).

Vesten blir ofte laga raud, og gjerne av fine ulltøy; damask eller kalemank. Ryggen i vesten er av anna tøy enn framstykket, noko som peiker mot 1800-talet. Det blir brukt silketørkle i halsen.

Buksa til bunaden er ei knebrok av skinn eller vadsmål, og ho har smal klaff.

Tre houvdplass blir brukt til bunaden:

Kølleluve og raud, strikka toppluve med stripa oppbrett. Til særleg fint bruk; ein høg flosshatt.

Sko: Låge, svarte sko om sumaren, svarte skaffestøvlar om vinteren.

Drakta vart rekonstruert av Grethe Rudi Bråten i 1991. Ei knebrok i skinn til denne draktskikken vart rekonstruert av Gunvor Rognså i 1985. Bunaden er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF. Sidan dette er ei rekonstruert folkedrakt; kategori 3.



rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1810–1830

Bringedukdrakta for Øvre Valdres, slik ho vart rekonstruert av ei rekkje bevara draktplagg i siste del av 1960-talet, er mykje prega av empiremoten fyrst på 1800-talet. Dette gjeld særleg den høge livlinja. Samtidig ber denne kvinnebunaden i seg fleire element som er mykje eldre, og som har vore med kvinnekleda i fleire hundre år bakover i tid – slik som rullen, bringeduken og stølbeltet.

Hovudbunad: Særleg rullen for gifte kvinner har særskilde trekk. Ugifte jenter bar perlekrans rundt hovudet, slik at ein også såg håret i bakhovet. Både mange rullar og perlekransar er bevara. Det er også bevara to valkar, som vart brukte til å ha eit limpeplagg over i siste del av draktperioden.

Mange liv og bringedukar er også bevara – i ei rekkje teknikkar og materiale. Livet var vanlegvis av fint kjøpetøy, medan stakken kunne vera av meir heimelaga kvalitet. Som oftast var stakken svart, men det finst også teikningar som syner blåe stakkar.

Både side, raude trøyer og korte, svarte og blå trøyer har vore brukte. Fleire raude trøyer er bevara, men ingen svarte eller blå. Fleire typar belte har vore brukte; messingbelte,

broderte belte, borebelte (metallband), naglebelte og særskilde perletredde belte er bevara. Forklea er ofte lyse og trykte på kjøpt bomull, eller dei er mørke og stripa av heimevove ull/bomull. Felles for forklea er at dei er breie og så lange som stakken. Det blir brukt silketørkle i halsen.

Fleire omreisande kunstnarar har teikna drakta, og særleg fleire akvarellar etter Johannes Flintoe frå rundt 1820 har vore grunnleggjande for rekonstruksjonsarbeidet. Det er Magny Smedsrud Karlberg som har stått bak rekonstruksjonen, og bunaden vart sett i produksjon i 1971. Seinare er bunaden supplert med fleire variantar og draktdelar.

Bunaden var den fyrste rekonstruksjonen som vart lagt fram for dåverande Landsnemnda for bunadspørsmål, etter at dei vart omorganisert og fekk nye retningnsliner på 1960-talet. Måten arbeidet med denne rekonstruksjonen vart utført, vart for ettertida retningsgjevande for bunadarbeidet til Bunad- og folkedraktrådet (BFR). Der var Magny Smedsrud Karlberg også direktør frå 1980 til 2006. Rekonstruert folkedrakt, kategori 3.



rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1810–1830

Denne drakta er kvardagsversjonen av bringedukdrakta for Øvre Valdres (bunad nr. 6), og er prega av empiremoten. Draktskikken er godt dokumentert gjennom akvarellane til Johannes Flintoe, men sjølve stakken er ikkje bevara – dette var kvardagsklede som vart utslitne.

Flintoe-akvarellane syner grøne og blåe stakkar, og stakk og liv var av same, heimelaga ullkvalitet. Bringeduken var knept på livet og laga av same tøy som liv og stakk. Til kvardags vart det brukt grøn rukkitrøye med rynka kappe. I snitt har desse trøyene same livlinje som dei raude foldetrøyene, som vart brukte

til høgtids. Ei grøn rukkitrøye er bevara. Det var truleg ikkje vanleg å bruke silketørkle til kvardags.

Hovudplagg: Ugifte jenter hadde berre eit enkelt band i håret, medan den gifte kvinna hadde ei høg og spiss tobladsluve laga av blått vadmål. Ho vart kalla blåluve, og har røter bakover til seinmellomalderen. Eitt eksemplar av denne luva er bevara frå Vang.

Rekonstruksjonsarbeidet er utført av Kristin Gulbrandsen i 1995. Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF. Rekonstruert folkedrakt, kategori 3.





for Øvre Valdres 1810–1830

Det er bevara tre brurerullar og tre herdasylv (aksleklede) frå Øvre Valdres. Særleg dei tre rullane er lokalt sæprega og sær s alderdommelege i stilen. Ein av dei er datert så langt attende som til 1500-talet. Drakta syner brurekleda til bunad nr. 6.

I 1992 var Berit Vidme ferdig med rekonstruksjon av ein rull og eitt herdasylv på oppdrag for Vang bygdekvinnelag. I 2007 rekonstruerte ho ein brurerull til. Det er Inger Norunn Solhaug som har laga alt sylvarbeidet til drakta.

Til bruredrakta er det laga to raude stakkar, ei raud trøye og to ulike liv. Det er laga eit sylvbelte utan sprot. Tre ulike bomullsforkle blir brukte til drakta. Dei som leiger ho får også med ein vanleg kjeringrull, som gifte kvinner brukte på denne tida, og som brura tok i bruk den andre bryllaupsdagen. Dette var det synlege teiknet på ei gift kvinne.

Brureutstyret i Vang er til utleige, og ved utgangen av 2020 var det til saman 41 brure som hadde gifta seg i dette utstyret sidan det kom i bruk att i 1992.

Drakta er ei rekonstruert folkedrakt, og ho hamnar i kategori 3. Ho er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF.





rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1810–1830

Steglatrøyene har vore brukte langt attende i tid, og heilt fram til 1860–70. Det finst fleire lokale teikningar frå 1820-åra og seinare fotografi av menn i steglatrøye. Men det er bevara berre ei steglatrøya i Valdres, og ho er truleg frå litt innpå 1800-talet.

Trøya har lengde til hofta og har høg krage (empire). Innsydd trekantar for å spile ut vidda har gjeve trøya namnet. Trøya har ermebryningar, som er eit alderdommeleg trekk. Særs typisk for steglatrøyene er også den såkalla 7-tals vinkelsaumen øvst på ryggen. Alt tyder på at gråkvitt vadmål var det vanlegaste. Drakthistorisk høyre bunaden saman med bringedukdrakt (bunad nr. 6, 7 og 8) og atthekta liv (bunad nr. 10).

Sidan steglatrøya i hovudtrekk har vore den same gjennom vekslande moteretningar, er det i stor grad vesten og buksa som avgjer kva tidsepoke bunaden hamnar i. Fleire vestar i varierende tøy er bevara. Framstykke og rygg på vestane er av forskjellig stoff. Silketørkle i halsen.

Dei eldre brøkene har høgare midjeplassering enn dei yngre. Brøker av skinn eller vadmål har vore brukt. I siste del av perioden vart steglatrøya brukt i lag med sidare vestar og knebrøker med låg midjeplassering.

Hovudplagg: På hovudet hadde karane raud toppluve om vinteren og kølleluve var nok særleg til sumarsbruk. Frå 1790-åra kom dei høge hattane som mote, og flosshatten vart høgste mote til finbruk i fyrste halvdel av 1800-talet.

Sko: Låge, svarte sko om sumaren, svarte skaftestøvlar om vinteren.

Steglatrøya vart rekonstruert av Gunvor Rognså og Helge Gudheim til Lillehammer-OL i 1994, og vart fyrste gong synt offentleg under opningsseremonien. Ho vart den gongen bruka i lag med ein sidare vest frå 1850-åra. Brok og vest som vist på bildet til venstre vart fyrste gong brukte i 1996 i lag med steglatrøya, og er sauma av Kristin Gulbrandsen.

Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF. Rekonstruert folkedrakt, kategori 3.



rekonstruert folkedrakt for Vang og Slidre-bygdene 1825–1850

Drakta representerer ei overgangsform mellom bringduk-kleda (bunad nr. 6) og rutastakkane (bunad nr. 12). Drakta er kopiert etter bevara klede og akvarellar måla av den svenske kunstnaren Anckersvärd i 1826. Dei bevara livstykka er i fine kjøpetøy kanta med fløyel, og ein ser at nokre av dei er omsyddde frå den eldre bringedukdrakta. Livlinja er framleis høg. Drakthistorisk er bunaden mest knytt til mannsbunaden med blå trøye (bunad nr. 11), men steglatrøyer (bunad nr. 9) var også i bruk på denne tida.

Stakken er i ruta, heimevove tøy. Ruter var høgste mote ute i Europa på denne tida, noko som også vart synleg i fjellbygdene her i landet etter kvart. Drakta har bomullsforkle med ulike former for striper i trykket eller vevinga. Då bringedukane gjekk ut av bruk, ser der ut til at dei ofte har blitt omsyddde til lauslommer, og mange av dei bevara lauslommene stammar frå denne tida.

Trøya, som har høg livlinje og kappe, kan vera i raudt, blått, grønt og svart. Dette kjem til


syne gjennom bevara trøyer og akvarellar. Valdres har mange ulike belte i folkedrakt-materialet sitt, og det er nærliggande å tru at desse også har vore i bruk til denne draktskikken.

Hovudbunad: Drakta representerer ei overgangsform også med hovudplagga, og det ser ut til at fleire hovudplagg har vore brukte:

A: Perlekrans for den ugifte jenta slik den vart brukt i førre draktperiode (bunad nr. 6).

B: Kjalaluve med og utan skruv kan ha vore bruka av både gift og ugift. C: Det finst også dokumentasjon for at vaksne kvinner har brukt valk med limpeplagg over. Derimot kan det no sjå ut til at rullen har gange ut av bruk.

Drakta er den sist rekonstruerte bunaden i Valdres, og det er Bodil Enger som har arbeidd med kopiering av plagga dei siste åra. Den fyrste drakta var klar til bruk hausten 2020. Drakta er ikkje ferdig utarbeidd eller lagt fram for NBF. Dette vil vera ei rekonstruert folkedrakt som truleg vil kome i kategori 3.





rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1825–1850



Nokre tiår innpå 1800-talet blir empiremoten avløyst av bidemeier. Frå denne perioden er det bevara ei forholdsvis kort trøye av blått vadsmål, kanta med brunsvart fløyel. Her er 7-tals vinkelsaumen i ryggen borte, og han er i staden erstatta av boga saumar. Dei alderdommelege ermebryningane er også borte – i staden blir ermetoppen ryinka i denne perioden. Drakthistorisk vil bunaden høyre saman med bringedukdrakt (bunad nr. 6, 7 og 8) og attheakta liv (nr. 10).

Korte og empireprega vestar av forskjellig slag tøy blir i dag brukt til denne bunaden. Vestane er til dømes einsfarga raude eller grøne, stripa eller vovne med holbragd. Dei har høg ståande krage og falske lommer, og ein del har fløyelspynt. Ryggen på vesten er av anna stoff enn framstykkja, oftast av lin. Det er vanleg med silketørkle i halsen.

Med denne folkedrakta kjem langbrøkene i bruk. Dette er dokumentert gjennom ei teikning frå Vang i 1836, der broka blir nemnt å vera blå. Ei svart knebrok med brei klaff og høg midjeplassering er bevara frå denne perioden. Knebroka blir no også sauma av skinn.

Hovudplagg: På hovudet hadde karane raud toppluve om vinteren, og kølleluve var nok særleg til sumarsbruk. Høge hattar var framleis mote.

Sko: Låge, svarte sko om sumaren, svarte skaftestøvlar om vinteren.

Draktplaggja til denne bunaden vart rekonstruert av Gunvor Rognså, Tordis Gjevre og Magny Karlberg i perioden 1987–1992. Helge



Gudheim tok i bruk den fyrste trøya i 1987.

Fyrste knebroka vart sauma av Frode
Rolandsgard i 1992.

Bunaden er ikkje lagt fram for fagleg vurde-
ring hjå NBF. Rekonstruert folkedrakt, kategori 3.

rekonstruert folkedrakt for Øvre Valdres 1850–1870

Litt utpå 1800-talet vart ruter høgste mote både for kvinner og menn, gjennom moten som blir kalla nyrokokko. Over 100 heimevovne rutastoff er bevara i Valdres, pluss ein del stripete og trykte. Det er funne fleire ulike tøy på same gard, som syner variasjon frå gong til gong når dei vov. Rutastakkane, eller rettare sagt den yngre livstakken, var festplagg i si samtid, men bunaden vart fyrst på 1900-talet feilmessig omtala som ein kvar-dagsbunad, noko som har hange ved bunaden heilt opp mot vår tid. Drakthistorisk høyrer rutastakkane saman med mannsbunaden med stutt trøye og rutavest (bunad nr. 13).

Fleire gamle rutastakkar er bevara. Dei syner stakk og liv av same, heimevovne stoff med ull både i renning og innslag. Liva er tett-sitjande og atthekta framme. Ryggen er smal og livlinja er sidare enn under empirmoten nokre tiår tidlegare. Denne draktskikken er berre kjeldebelagd i Øvre Valdres – og altså ikkje i Sør-Aurdal og Etnedal.

Fleire typar trøyer var i bruk til denne drakta. Felles er at dei er svarte, korte og tett-sitjande, og med ganske tronge ermar. Rukke-trøyene er eldst og mot slutten kom pipe-foldetrøyer. Kawai med vide ermar kan brukast som ytterplagg til rutastakk, men har røter i bidemeierperioden.

Belte som er perletredde, eller av messing, blir brukte utanpå trøya. Ein kan både ha silketørkle i halsen og utanpå trøya; over akslene og i kryss over bringa. I tillegg kan ein bruke eit stort ullsjal i kaldt vær.

Forkle av ulike type materiale blir brukte,

men felles er at dei er smalare og kortare enn i tidlegare draktperiodar.

Hovudplagg: Med rutastakkane er det luver som rår grunnen både for ugift og gift, og det er med andre ord ikkje lenger skilnad på sivil status. Luvene var ofte av silke, klede eller fløyel med broderi på. Luvene hadde alltid knyteband. Over luva kan det bukast eit limpeplagg av bomull eller ull.

Det er ikkje heilt klart når rutastakkane kom i bruk att som bunad på 1900-talet, men det finst bilde av kvinner i rutastakk rundt 1920, og på 1930-talet vart det sett i produksjon tynne rutastoff av bomull. Oppfatninga av at dette var ein kvardagsbunad førte til ei kraftig forenkling av draktskikken. Rutastakkane vart i ein periode tekne i bruk av turistnæringa som serveringsantrekk, og tidvis også i knekort versjon.

På 1950- og 1960-talet arbeidde Valdres kulturnemnd med revisjon av rutastakkane, og fleire rutastoff i halvull vart sette i produksjon. Valdres bunadnemnd tok fyrst på 1980-talet nytt tak i rutastakkane – for å få dei endå meir i samsvar med slik dei var då dette var ei folke-drakt midt på 1800-talet. Dette førte til rikare utval i tilhøyrande draktplagg og ei rekkje endringar; mellom anna med at heilull (renning og innslag) på nytt vart standard som stakkestoff. Grethe Rudi Bråten har skrive ei sær-oppgåve om rutastakken frå Semeleng i Vestre Slidre.

Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF. Rekonstruert folkedrakt, kategori 3.



rekonstruert folkedrakt for Valdres 1850–1870

Litt utpå 1800-talet vart ruter høgste mote både for kvinner og menn, og stutttrøyer for menn høyrer dermed heime i moteretninga som blir kalla nyrokocco. Ei mengd rutastoff av heilull er bevara, og det ser ut til at dette var noko dei sjølve sette opp og vov heime. Fleire ulike rutastoff er funne på same gard. Drakt-historisk høyrer denne mannsbunaden saman med rutastakkane for kvinner (bunad nr. 12).

Trøyene er ganske stutte, og det ser ut til at svart vadmål med brun eller svart fløyel er vanleg. Elles har trøyene ståande krage og boga ryggsaumar. Ei slik trøye frå Garli på Leira er bevara, og den er fôra med bomulls-stoff og delvis vattert.

Med nyrokocco blir vestane sidare, og fell ned mot livlinja. Kragen blir litt lågare enn under bidemeierperioden. Rutastoff er altså på moten, og fleire slike vestar er bevara – med rygg av anna stoff. Det blir brukt silke-tørkle i halsen.


Kne- eller langbrok med brei klaff og lågare midjeplassering blir brukt til bunaden, sydde av svart vadmål.

Hovudplagg: Hattar med låg og rund pull vart vanlege frå 1840-åra og utover. Elles kan ein også bruke både kølleluve og raud, strikka toppluve.

Sko: Låge, svarte sko om sumaren, svarte skaftestøvlar om vinteren.

Bunaden er utvikla av Valdres kulturnemnd fyrst på 1960-talet, der Eirik Fossbråten var leiar. Heimen Husflid laga mønster og skreddar Kolbjørn Børselien starta produksjon i 1962. Valdres bunadnemnd stod bak ein revisjon på

1980-talet, som ført til at bunaden vart meir i samsvar med draktskikken på 1800-talet. Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF. Kategori 3.





rekonstruert folkedrakt for Sør-Valdres 1850–1870

Ruter vart høgste mote rundt midten av 1800-talet, og dei sørre bygdene i Valdres tok tidleg til å laga heile kjolar i nyrokostil – medan dei øvre bygdene i Valdres tok rutene inn i sine tradisjonar med livstakkar (bunad nr. 12). Fleire rutakjolar er bevara, og den som er kopierte skal vera sydd til eit bryllaup på Hiei i Etnedal i 1854. Legg merke til at denne kjolen altså vart brukt av ei brur – rutakjolane var med andre ord eit festplagg i si samtid.

Kjolen har ull både i renning og innslag (heilull). Gamle fotografi syner at det har vore brukt lause pyntekragar, ofte hekla eller i nuperelle-teknikk. Rutastoffet i denne kjolen er utgangspunktet for rekonstruksjon av etnedalstøyet, som menn også brukar i sine vestar til svart stuttrøye (bunad nr. 13).

Hovudplagg: Kjakaluver med eller utan kniplingeskruv.

Ytterplagg er ikkje rekonstruert til drakta, men sjal kan brukast over akslene.

Gunhild Nørsterud teikna mønster av originalen ca. 1987, og det er til no berre sydd ei handfull utgåver av bunaden. Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF. Dette er ei rekonstruert folkedrakt, og hamnar i kategori 3.





for Valdres (og Hallingdal) 1900

Dette er ein bunad som vaks fram i Oslo rundt 1900, og særleg spelemenn frå Hallingdal og Valdres tok han i bruk. Ullbroderi var spesielt populært på den tida, og brodert brok og brodert trøye frå Nes i Hallingdal vart lagde til grunn. Heimen Husflid i Oslo utarbeidde bunaden.

Draktskikken i Hallingdal og Valdres har vore ganske lik, men den er også litt ulik. Kvite steglatrøyer (bunad nr. 9) har vore brukte i begge dalføre, men det finst ikkje dokumentasjon for broderte trøyer frå folkedraktperioden i Valdres.

Det er heller ikkje bevara broderte vadmålsbrøker frå Valdres, men det finst to teikningar frå fyrste halvdel av 1800-talet som syner eit noko enklare broderi på knebrok i Valdres.

Vanlegvis blir ein mellomsid, raud vest brukt til bunaden, saman med silketørkle i halsen.

Hovudplagg: Bunaden har ofte vore brukt med raud kølleluve.

Sko: Låge, svarte sko om sumaren, svarte skaftestøvlar om vinteren.

Bunaden er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF. Kategori 4.





1914 og 1915

Folkedraktene gjekk ut av bruk i Valdres rundt 1870, og fyrst på 1900-talet vaks det fram ny interesse for lokalt prega klede. Dei vart etter kvart kalla bunad. Frontfiguren for dette var Hulda Garborg, og ho var i Valdres for å hjelpe til med å laga ein ny kvinnebunad for distriktet. Gamle klesplagg vart samla inn og studerte, men Garborg meinte ein måtte laga ei meir moderne og «tidhøveleg» drakt enn det dei gamle plagga synte. I den nasjonsbyggjande tankegangen var idealet at alle materialane skulle vera laga her i landet, og dermed var det ull og lin som vart dominerande. Ullbroderi stod særleg høgt i kurs.

Sjarteliv frå folkedraktperioden i Sør-Valdres (bunad nr. 3) vart studerte, og dei var med å påverke snittet i livet på den nye dakta. Det vart laga utkast både utan (t.v.) og med kappe på livet, som dermed hang utanpå den ganske stutte stakken (t.h.). Luva som broderiet er henta frå høyrer til draktskikken sjarteliv (bunad nr. 3), og broderiet vart overført både til liv og eventuelt forkle. Originalluva har silke- og ullbroderi på fløyel (ovanfor), men dette vart endra til ulltråd på ullstoff.

Fyrsteversjon av bunaden vart designa i 1914 i eit samarbeid mellom kunstnarane ved Heimen Husflid i Oslo, Aksel og Anna Johannesen, og Hulda Garborg i Asker. I dei fyrste tiåra var det ikkje broderi på stakken, men ein versjon hadde eit kort forkle med broderi på. Det var den gongen ikkje vanleg å bruke lomme og sylvbelte til bunaden.

Dette var den fyrste fritt komponerte bunaden i Norge, og han vart mal for ei rekkje



andre broderte kvinnebunader som vart skapte i den same tankegangen rundt om i landet i tiåra etterpå.

Hovudplagg: Broderiet vart henta frå ei kjakaluve frå Karlsgot i Bagn frå tidleg på 1800-talet. Originalen er ei brun fløyelsluve med broderi av silketråd og ullgarn, og luva representerer den einaste linken til folkedraktmaterialet når det gjeld broderiet.

Sjølv om bunaden vart revidert og vidareutvikla i 1948, er det framleis fleire i vår tid som brukar ein eller annan variant av 1914-utgåva.

Utgangspunktet for bunaden var ein del eldre folkedrakt-plagg i Sør-Valdres, men i ganske omarbeidd og endra form. Difor kategori 4. Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF.



1948

Den broderte bunaden frå 1914 vart revidert i dei fyrste åra etter andre verdskrigen. Valdres kulturnemnd under leiing av Torleiv Ranheim hadde ei eiga bunadnemnd med Ingrid Skattebu som leiar. Det var dei som gjorde endringane i samarbeid med Heimen Husflid i Oslo, og bunaden fekk si noverande form i 1948.

Etterkrigsversjonen skil seg så mykje frå 1914-varianten, at det truleg er mest korrekt å seia at slik bunaden no blir brukt, så er han frå 1948: Grunnlaget er den same luva, men eventuell kappe på livet forsvann, livet vart ikkje lenger knappa heilt opp, forkledet vart fjerna, og det var nytt at broderiet også vart overført til stakken som ein brei bord langs nedre kanten. Lauslomme med broderi kom til, og det vart etter kvart standard at både ung og gamal brukar sylvbelte til bunaden. Bunaden blir sydd av svart eller blått ullstoff. Bunaden har vore omtala som «Den gamle valdresbunaden» eller også «S1».

Hovudplagg: Broderiet vart henta frå ei kjakaluve frå Bagn frå tidleg på 1800-talet. Originalen er ei brun fløyelsluve med broderi av silketråd og ullgarn (sjå bunad 16). Få brukar i dag luve, men ho representerer altså den einaste linken til folkedraktmaterialet når det gjeld broderiet. Dei seinaste åra har mange teke til å ettersørje hårbøyler med broderiet på. Dette er eit heilt nytt påfunn, som ikkje har nokon tilknytning til historia for denne drakta.

Til bunaden vart det midt på 1950-talet utarbeidd ei kort trøye, som delvis har rot i pipefoldetrøylene frå folkedraktmaterialet fyrst

på 1800-talet. Men det er sett på mykje vidare ermar (frå ein kavai frå bidemeier-perioden), enn det som var tilfellet for pipefoldetrøylene. Ein tok etter kvart også i bruk ein svart kepp til bunaden.

Utgangspunktet for bunaden var ein del eldre plagg frå folkedrakter i Sør-Valdres, men dei vart brukte i ein ny kontekst. Etter revisjonen i 1948 fjerna bunaden seg enno lenger frå folkedraktmaterialet, slik at bunaden no framstår som fritt komponert, og dermed hamnar i kategori 5. Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF.





1948

I 1948 lanserte Valdres kulturnemnd under leiing av Torleiv Ranheim også ein ny, brodert bunad. Kulturnemnda hadde ei eiga bunadnemnd, der Ingrid Skattebu var leiar. Det var dei som fekk fram den nye bunaden i samarbeid med Heimen Husflid i Oslo. Bunaden er bygt opp etter den same tankegang som bunad nr. 16 og 17, men tilknyttinga til folke-draktmaterialet er litt meir nærverande, fordi snittet på stakken er henta ganske direkte frå ein rutastakk frå midten av 1800-talet frå Semeleng i Vestre Slidre (bunad nr. 12). Men ein tok berre med seg snittet, og ikkje stoffkvaliteten. Ein valde i staden å skape ein ny bunad, der idealet framleis var å laga ein «tidhøveleg» og brodert festbunad – i staden for å rekonstruere ein eldre draktskikk. Bunaden har vore omtala som «Den nye valdresbunaden» eller også «S2».

Broderiet til bunaden er henta frå ei gamal luvu frå Sundheim i Ulnes, og det vart spreidd utover ein svart eller blå stakk med rutastakk-

snitt. Stakken fekk også grøn kant nedst og grøn tittekant i livet. Enkelte brukar skjorte med farga broderi. På Bagn Bygdesamling er ein slik linning bevara, men denne er truleg frå Hallingdal.

Ytterplagget til bunaden er svart kep eller ei kort trøye, som delvis har rot i pipefoldetrøyene frå folke-draktmaterialet. Men det er sett på mykje vidare ermar (frå ein kawai frå bidemeierperioden), enn det som var tilfellet for pipefoldetrøyene.

Hovudplagget er ei brodert pulluvu.

Broderiet er henta frå ei luvu frå 1800-talet. Alle elementa frå originalluva vart ikkje med over på nyskapinga – til dømes er bruken av metallknipling fjerna. Dei seinaste åra har mange teke til å etterspørje hårbøyer med broderi på. Dette er eit heilt nytt påfunn, som ikkje har nokon tilknytning til historia for denne drakta.

Drakta er ikkje lagt fram for fagleg vurdering hjå NBF. Kategori 4.







 **VALDRESMUSEA**